

Innspel frå Flora kommune om NTP til fylket si handsaming.

Flora ser det som svært positivt at rassikring av riksveg 5, Førde-Florø, er teken med i fylket sine prioriteringar. Vidare er vi skuffa over at siste delen av opprustinga av riksveg 5, framleis kan sjå ut til å bli dregen ut i tid. Delen som er Markegata gjennom Florø sentrum, er blant dei aller mest trafikkerte vegstrekningane i fylket.

Rv. 5 har endestasjon Fugleskjærskai i Florø sentrum. Florø er saman med Måløy, stamnettshamn i Sogn og Fjordane og Fugleskjærskai er hovudkai for gods- og persontransport. I ei tid kor ein ynskjer at godstrafikken skal gå frå veg til sjø, er vi heilt avhengige av at transportkorridorane heng saman.

Markegata siste del av rv.5.

Transportkorridor 5 Oslo-Bergen har ein arm til Florø, omtalt som korridor 5c. Flaskehalsane på denne korridoren er omtala i blant anna <http://www.sjf.no/transportplan-for-vestlandet-ute-paa-hoeyring-.5667301-329217.html>. «E16 Bergen-Sandvika (over Filefjell/Valdres), med arm (Rv5) via Sogn til Florø, er den mest vinterstabile av fjellovergane, noko som særleg er viktig for verksemder som er sårbare i forhold til transporttid. Utfordringane varierer langs ruta, men kurvatur, vegbreidde og stigning fører til avviklingsproblem på høgtrafikkerte strekningar og ved oppstigningane til Filefjell. **For Rv5 er det særleg kurvatur og vegbreidde på strekningane Sogndal-Kaupanger** (ådt 5200, Loftesnes bru), **Førde-Naustdal** (ådt 4100) **og i Florø sentrum** (ådt 9800) **som er problemet.**» Med pågåande utbetringar på Sogndal-Kaupanger samt at rassikring Naustdal-Førde er med i innspela til Ntp, er det berre Florø sentrum som står att. I tillegg ser vi at nye tiltak på rassikring i Kjøsnesfjorden (ådt 1250) er kome inn.

Spesielt om Markegata

Markegata vart sist oppdatert i plan av 1949. Markegata er ikkje justert i vedteken plan etter denne datoen. Trafikkmengda i Markegata vart målt hausten 2013, her viste ÅDT 10 000 kjøretøy i snitt pr. døgn. På utsette døgn var trafikken over **13 000** kjøretøy.

Det er utført TS revisjon av bl.a. Markegata våren 2014. På same tidspunkt sette Statens Vegvesen i gang forprosjekt for oppgradering av Markegata. Dette forprosjektet er pr. d.d. ferdigstilt med både prisestimat og tilråding.

Det er og skildra i forprosjektet viktigheita med at heile Markegata blir oppgradert. Dette er i første rekkje grunna trafikksikkerheit.

Forprosjekt for oppgradering av Markegata: <http://www.vegvesen.no/Riksveg/rv5markegata>


Trafikkulykker i Markegata

Markegata er belasta med ulukker. Mange av trafikkulykkene er grunna i liten/ dårlig siktsone, feilplasserte/manglande gangfelt, gamle tilkoplingar av gatestruktur og bygningar heilt i vegkanten.

Vidare er gata heller ikkje i tråd med dagens vegstandardar. I samband med at Florø er blitt sykkelby er Markegata med den høge trafikkmengda ei farleg gate å sykle langs samt krysse. Eit anna moment er Florø barneskule med 550 elevar som iblant skal krysse Markegata og delta på aktivitetar på Flora samfunnshus. Gata har og det den mest brukte busstoppet og drosjestasjon tett ved skule, samfunnshus og Sunnfjord medisinske senter.

Statens vegvesen har i sitt forprosjekt, som omhandlar oppgradering m.m. av Markegata, skissert gode løysingar som vil ivareta trafikktryggleiken for alle trafikantar.

Eit kort bilete punktvis av trafikkulykkene i Florø.



Markegata og kostnad

Det er gjennomført prisanslag for oppgradering av Markegata. Estimert frå 200 mill. til 230 mill. Flora kommune har og interesserer her som ligg under vegen. VA-anlegga i temmeleg dårleg forfatning og må skiftast så snart som mogleg.

Her vil Flora kommune gå inn med midlar til vegprosjektet. Storleken kan ein anslå til ca. kr. 50 mill.

Markegata og NTP?

I NTP – programmet er det nokre postar for plassering av div. vegprosjekt, både med og utan finansiering. For Flora kommune er det viktigaste at Markegata blir trygg og oppgradert til dagens vegstandard, dette og for å tåle og avvikle den høge trafikkmengda på eig tryggast muleg måte.